

Felles allmennmedisinsk

■ STEINAR HUNSKÅR • Forskingsleiar ved Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin,
Uni Research Helse, prof. i allmennmedisin ved Institutt for global helse og samfunnsmedisin, UiB

Læreboka **Allmennmedisin (2013)** er komme på dansk i 2014 og svensk i 2015. Dermed er Norge, Sverige og Danmark samla til eitt allmennmedisinsk lærebokrike. Det har stor symbolverdi, men eit felles rammeverk for allmennmedisinsk utdanning og fagforståing kan også ha store faktiske ringverknader.

Artikkelen er ei personleg framstilling av historia til dei norske allmennmedisinske studentlærebøkene, som no har gitt opphav til studentlærebøkene også i Sverige og Danmark. Lærebokhistoria er ein del av den allmennmedisinske fagutviklinga og utviklinga av dei akademiske institusjonane. Bakteppet for lærebokspørsmålet var den faglege utviklinga og fagidentiteten i allmennmedisinen vi fekk frå 1980-talet med litteratur som retta seg mot allmennlegane sin kvardag (1). Men det hadde lenge vore stille på fagartikkkel- og bokfronten i norsk allmennmedisin. I eit foredrag på Alment praktiserende lægers forenings Beito-kurs i 1984 retta Per Fugelli ein harmdirrande peikefinger mot faget: «Du skal skrive ditt fag!» (2). Den allmennmedisinske erfaringa og kunnskapen måtte ned på papiret via handa og pennen:

- Først da vert den eit bidrag til den allmennmedisinske fagutviklinga
- Først da kan den prøvast og lærast
- Først da kan vi dokumentere faget vårt
- Først da er vi eit fag!

Studentlærebøker i allmennmedisin – forhistoria (1968–91)

Studentundervisning i allmennmedisin starta ved det nye universitetsinstituttet i Oslo frå 1968 og ved dei andre fakulteta dei følgjande åra. Ganske snart kom debatten om kva som skulle vere pensum og kva bøker studentane burde lese. I Danmark utga FADLs forlag fembindsverket *Lærebog i allmen medicin* (1977–82), men bøkene var lite eigna for norske studentar (3). I 1981 kom *An introduction to family medicine* av professor Ian McWhinney frå Kanada, ei lærebok som har hatt stor verdi i utviklinga av allmennmedisinens internasjonalt heilt til i dag. Den vart introdusert som pensumbok i

Oslo og Trondheim. Saknet av ei norsk lærebok var likevel stort, og på dei årlege felles instituttmøta i allmennmedisin vart det diskutert korleis lærebokspørsmålet kunne løysast. Mangelen på ei lærebok var synleg og tydeleg og sette faget i eit underleg lys.

Per Fugelli var sentral i diskusjonane og hadde sjølv disposisjonen for ei bok klar allereie i 1983–84, men etter nokre år ga han opp soloprosjektet. Etter at Fugelli vart professor i Bergen, hadde instituttet der diskusjonar om å ta på seg ansvaret for eit læreverk, men synspunkta sprikte mykje (4). Nokre meinte at ei lærebok i allmennmedisin var eit umogeleg paradoks i seg sjølv, mens andre meinte det var ein heilt avgjerande del av den prosessen faget var inne i. Eg deltok i diskusjonen frå 1986 og meinte at det er vanskeleg å promotere eit fag som sjølv definerer seg som umogeleg å beskrive. Faget kan bli ein kasteball mellom andre og bli definert av andre ut frå kva det ikkje er. Fugelli la lista høgt for ei lærebok, og fallhøgda vart ikkje mindre etter at han i ei svært omdiskutert bokmelding «slakta» ein respektert kollega for det første svenske forsøket på å skrive studentlærebok i faget (5, 6). Fugelli meinte at spesielt sjukdomsdelen av boka ikkje hadde akseptabel allmennmedisinsk tilnærming, verken epidemiologisk, diagnostisk eller behandlingsmessig.

Året 1991 kom boka *Allmennmedisin – Fag og praksis*, med Bent Guttorm Bentsen, Dag Bruusgaard, Åsa Rytter Evensen, Per Fugelli og Ivar Aaraas som redaktørar (7). Boka handla ikkje om symptom og sjukdommar, men om allmennlegen sine roller og arbeidsmåtar. Boka vart seinare oversett til både svensk og dansk (8, 9) og representera såleis ei viktig og interessant fagleg eksportvare. Boka vart pensum ved alle dei norske fakulteta, som eit kjærkommen og

konkret teikn på allmennmedisinens universitetsfag, og var i bruk inntil 2003.

Redaksjonskomiteen uttalte i forordet at ein systematisk omtale av kliniske problemstillingar kunne komme som eit eventuelt bind 2. Tidleg vart det likevel klart at det ikkje var aktuelt å gå vidare med ein klinisk del. Den gamle diskusjonen om korleis den allmennmedisinske klinikken skulle dekkast, fekk no ny aktualitet. Dei allmennmedisinske instituttmøta var det viktigaste forum for debatten. Også etter 1991 sprikte synspunkta, frå dei som meinte at ei klinisk bok verken kunne eller burde skrivast, til dei som meinte at ho ikkje berre måtte skrivast, men som hadde detaljerte meningar om innhaldet.

Allmennmedisin – Klinisk arbeid (1997)

På det allmennmedisinske instituttmøtet i 1992 vart det nedsett ei arbeidsgruppe som skulle fungere som ein tenkekomité for ei klinisk lærebok. Terje Johannessen (NTNU), Knut Holtedahl (UiT), Olav Rutle (UiO) og eg (UiB) var medlemmer, og spesielt Rutle og eg hadde mange møter om saka. På instituttmøtet 1993 la eg fram eit omfattande notat om saka. Det vart ein livleg debatt. Dei fleste ivra for saka, mange hadde synspunkt på korleis boka burde vere, få ville kaste seg inn i arbeidet sjølv, og ingen meldte seg til å leie arbeidet. Det enda med at dei fire i komiteen vart bedt om å legge fram eit meir omfattande og konkret forslag til neste instituttmøte i 1994.

I løpet av 1993/1994 gjorde denne gruppa eit omfattande utgreiingsarbeid om læreboka. Det vart utvikla eit konsept for innhaldet, og redaksjonelt arbeid, organisering, administrasjon og budsjett vart planlagt. Viktige avgrensingar vart diskutert, eksempelvis til trygdemedisin, bruk av referansar, bruk av ICPC som inndeling, og om boka burde komme som eitt bind eller ein serie med temahefter. Forlagsspørsmålet var uavklart, og ulike modellar vart diskutert; eige personleg forlag, eit institutt som forlag eller eit tradisjonelt kommersielt forlag. Arbeidsgruppa var klar på at det

lærebok i Skandinavia

måtte skaffast finansiering til det redaksjonelle arbeidet utover det eit forlag gjennom salsinntektene kunne stå for. Instituttmøtet 1994 applauderte planane for boka, og eg aksepterte sterke oppmodingar om å ta på meg oppdraget som hovudredaktør. I tillegg vart redaksjonskomiteen utvida med Marit Hafting og Irene Hetlevik.

Det vart søkt om prosjektstøtte ei rekke stader utan resultat, mellom anna frå Den norske legeforening, Dnlf's Utdanningsfond I, universiteta og Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening. Støtte frå legemiddelinindustrien vart diskutert, og det vart underhanda kontakt med større firma med tanke på eit større bidrag. Etter godt forarbeid, ikkje minst av Terje Johannessen, avgjorde Fondet til fremme av allmennmedisin i Sør-Trøndelag (Nidarosfondet) å støtte prosjektet med kr 500.000 fordelt over tre år (1995–97). Denne tildeilinga var heilt avgjerande for at prosessen kunne gå vidare og at praktisk lærebokarbeid kunne bli ein realitet.


Forlagsspørsmålet vart avgjort på ein uortodoks måte. Tre forlag som tidlegare hadde utgitt faglitteratur for allmennpraksis (Universitetsforlaget, Tano og Ad Notam Gyldendal), vart utfordra til å kjempe om boka etter å ha fått tilsendt «tilbodspapir». Basert på skriftlege svar, presentasjonar i forлага og forhandlingsmøter, var den eintydige innstillinga at oppdraget skulle gå til forlaget Ad Notam Gyldendal. Dei ville satse tungt på boka, delfinansiere ei prosjektsekretærstilling og samarbeide nært med redaksjonskomiteen for å sikre at boka vart ein milepål i allmennmedinsks faglitteratur. Arbeidet vart ein stor dugnad i og for norsk allmennmedisin, med over 100 personar involverte som forfattarar og manuskriptvurderarar. Det var eit slag for arbeidet at Olav Rutle døydde i 1996, men boka vart fullført etter planen.

Det arbeidet som vart lagt ned av forfattarar, redaksjonsmedlemmer og redaktør for å lage den første utgåva, hadde nesten ufattelege dimensjonar. Utallege manuskriptutgåver vart sirkulert, retta og skrive om. Hundrevis av kopiar av fagartiklar, bokkapittel og anna fagstoff vart sir-

kulert til forfattarane. Sjølv om vi brukte e-post og elektronisk tekstbehandling, var det mykje manuelt arbeid på papir, retteprogram var ukjent, og brevpost var ein viktig kommunikasjonskanal. Det var viktig at språket framsto som «ei stemme» gjennom boka. Det betydd at nærmast kvar setning vart skriven om eller vart pussa på, sjølv om faginhaldet var greitt nok. Mange forfattarar hadde personlege vriar på kapitteloppsett og tekstmastring. Redaksjonskomiteen hadde imidlertid veldig klare standpunkt om at teksten måtte vere gjennomgående homogen, og at dette var ein viktig suksessfaktor for boka. For eigen del var det knapt ein dag, kveld, helg eller feriedag som ikkje vart brukt på lærebokarbeid i åra 1995–97; eg har notert over 4000 arbeidstimar på prosjektet.

Boka kom ut til og vart markert og feira på Nidaroskongressen i 1997 (10). Mottakinga var overveldande positiv, og ei lang rekke bokmeldinga frå inn- og utland skrytte av boka (11–14). Anna Luise Kirkengen skreiv ein meir kritisk artikkel i *Prosa*, Norges største litteraturtidsskrift, der ho problematiserte om teksten svara til faget sine målsettingar (15).

Boka vart både ein fagleg og salsmessig




suksess. Ikke berre studentane, men allmennlegane generelt og personar langt ut over allmennmedisinens rekke kjøpte boka og ga positive tilbakemeldingar. Totalt vart det selt om lag 7000 bøker. I ettertid er det lett å slå fast at denne læreboka vart ein merkestein i den allmennmedinske fagutviklinga i Norge, og at den har hatt stor verdi for fagidentitet og fagavgrensing. Boka og redaksjonskomiteen fekk Det medisinske fakultets (UiB) studiekvalitetspris for 1997.

Norsk Elektronisk Legehåndbok (NEL) er grunnlagt av Terje Johannessen som var professor i allmennmedisin ved NTNU og medlem av redaksjonskomiteen av læreboka. Det faglege tekstrunnlaget for NEL var læreboka i allmennmedisin, etter at NEL i 1999 kjøpte bruksrett til struktur og innhald frå Ad Notam Gyldendal for 200 000 kroner. Den første teksten i NEL var eit stikkordbasert kondensat av lærebokteksten, og den dag i dag kan rammeverket frå læreboka lett kjennast att i NEL.

Allmennmedisin (2003) – utan undertittel

Ei klinisk lærebok har kortare brukstid enn ei teoretisk, og etter få år starta arbei-



det med ei ny utgåve. I redaksjonskomitéen vart Hafting, Johannessen og Rutle erstatta av Anette Fosse, Per Hjortdahl og Hogne Sandvik. Forlaget hadde endra namn til Gyldendal Akademisk. Det viktigaste spørsmålet var tilhøvet til boka *Allmennmedisin – Fag og praksis* frå 1991, og redaksjonen derfrå ga klare signal om at dei helst såg at det teoretiske stoffet var inkorporert i ei samla, altomfattande lærebok i allmennmedisin. Og slik vart det, to bøker vart til ei. Den opprinnelige 35 sider innleiingsdelen i *Allmennmedisin – Klinisk arbeid* vart utvida til om lag 100 sider i andreutgåva *Allmennmedisin*, som no kom utan undertittel med 832 sider (16). Visjonen om den «store allmennmedisinkontrakten» var blitt røyndom.

Dei kliniske kapitla vart i stor grad vidareført og revidert av dei opprinnelige forfattarane, medan redaksjonskomiteen tok eit hovudansvar for dei meir teoretiske kapitla først i boka. Boka var meint å framstå som ny, men klart gjenkjenneleg for den som hadde sett førsteutgåva.

Bokmeldingane var mange og positive. *Utposten* omtalte boka som «allmennmedisinsk sikringskost» (17). *Æskulap* og *Tidsskriftet* hadde portrettintervju med redaktøren (18, 19). Igjen vart boka ein norsk salssuksess. Forlagsredaktør Thore Lie kalla boka i eit intervju for ein grunnpill og ein faglitterær favoritt for forlaget Gyldendal. Salet gjorde boka til ein suksess for forlaget, og over 12 000 eksemplar vart selt.

Den vanskelege tredjerunden: *Allmennmedisin* (2013)

Allereie frå 2008 vart det diskutert korleis *Allmennmedisin* skulle reviderast, og om tida no var kommen til digital utgåve. Dette spørsmålet medførte lange diskusjonar med forlaget og internt i redaksjonskomiteen. Direktør Fredrik Nissen i Gyldendal uttalte allereie i 1997 at *Allmennmedisin* var den siste store læreboka forlaget kom til å gje ut på papir! Redaksjonskomiteen hadde framleis tru på «papirbok» som formidlingskanal for basalt lærstoff, men teknisk ville det bli tilrettelagt for digitale plattformer, f.eks. lesebrett. Det var teikna kontrakt med Gyldendal Akademisk med tanke på publisering i 2012.




Redaksjonskomiteen gjorde ein fullstendig gjennomgang av alle kapitla i boka, og sjølv om ein kan karakterisere 10 år som ein mannsalder i medisinen, var konklusjonen at dei fleste kapitla sto seg godt, og framleis kunne fungere for studentane som skal lære allmennmedisin for første gong. Det var sjølv sagt trond for generell oppdatering av det medisinske, men i hovudsak skulle boka denne gongen vere ei avgrensa oppdatering og fornying reint layoutmessig. Målet var også at ein ny generasjon allmennlegar skulle få sjansen som bidragsytarar. Ein viktig diskusjon enda med at referansane etter kvart kapittel vart tatt ut, i tråd med mange andre lærebøker, men i strid med tidas krav til auka dokumentasjon av dei medisinske råda i boka. Eit fulldokumentert læreverk vart

likevel sett på som uoppnæleg, og dels forstyrrende for teksten.

Frå 2010 vart arbeidet konkretisert, med professorane Mette Brekke (UiO) og Tone Smith-Sivertsen (UiB) som nye redaksjonsmedlemmer for Fosse og Hetlevik. Igjen vart ein stor allmennmedisinsk dagnad gjennomført. Over 70 personar var med på å skrive boka, og breidda i forfattarlista speglar breidda i faget, med aldersspenn frå 32 til 70 år og adresser frå Hammerfest i nord, til Stavanger og Stokke i vest og sør. Vi klarte ikkje å bli ferdige som avtalt i 2012, men boka kom på marknaden tidleg i 2013 (20). Faget hadde igjen klart å presentere ei oppdatert, komplett og moderne lærebok. Den fekk igjen gode salstal, opplaget er nærmare 5000 i midten av 2015, og vurderingane i *Tidsskriftet* og *Utposten* var gode (21, 22).

Andreutgåva vart vellukka eksportvare til Sverige

I *Sverige* hadde dei i mange år hatt den same lærebokdebatten som i Norge; korleis skrive ei omfattande lærebok som dekkar heile faget. Det svenske allmennmedisinske universitetsmøtet i 2004 bestemte at det ville bli eit alt for stort arbeid å starte ein grunnleggande svensk prosess, når det var mogeleg å bygge på dei norske erfaringane. Frå norsk side var vi klart positive til dette, men understreka at ei rein oversettning ikkje var nok. Den norske suksessen skuldast i stor grad at boka var skiven i ei nasjonal ramme, med norske praksiserfa-



ringar, tradisjonar og talmateriale. Dette måtte vere ein føresetnad også for ei svensk utgåve. Allmennmedisinprofessor Birgitta Hovelius i Lund leia ein stor svensk redaksjon som saman med forlaget Studentlitteratur utarbeidde den svenska utgåva *Allmänmedicin* (23), som kom i 2007, fire år etter den norske. Boka vart ein stor suksess både i grunnutdanninga og spesialistutdanninga i Sverige, og oppnådde liknande status for faget som den norske (24). Det vart selt nesten 9000 eksemplar av boka.

Hausten 2012 lanserte Studentlitteratur eit digitalt bibliotek for allmennlegar, www.allmanmedicin.se. I den opne delen finst mellom anna *Legevakthåndboken*, lenkesamling og blankettar. Den lukka betalingsbaserte delen er eit bibliotek med 20 bøker som ei gruppe allmennlegar har valt ut. *Allmänmedicin* vart ranga øvst av dei ønska bøkene og vart dermed med frå starten.

Då vi starta planlegginga av tredje utgåva i 2010 ville Studentlitteratur vere med frå starten. Forlaget kunne tenke seg å gjere revisjonen ut frå den svenska versjonen utan å gå veggen om norsk omsetting, der svenskane kom med innspel til revisjon ut frå svenske tilhøve. Denne framgangsmåten ville spare svenskane for mykje arbeid. Boka ville dermed komme raskare ut. Ein ville legge enda større vekt på forankringa i dei sju fakulteta i Sverige, med tanke på å etablere boka som pensumlitteratur. Denne strategien var delvis vellukka, men boka kom likevel ikkje ut i Sverige før sommaren 2015 (25). Førsteopplaget er 3000.

Danmark: Seint, men godt

Det danske forlaget Munksgaard hadde selt dei to første norske utgåvene i kommisjon med därleg resultat (ca. 50 bøker i året). Da vi planla tredje utgåva, ville danskane lære av den svenska suksessen og satsa på ei dansk språkleg og nasjonalt bearbeidd utgåve. Professorane Johann Agust Sigurdsson (Reykjavik, Island, no NTNU i Trondheim) og Calle Bengtsson (Göteborg, Sverige) skrev i 1998 at det var ei *skandinavisk bok* som var utgitt i Norge i 1997 (12). 15 år seinare kunne den tanken vere i ferd med å materialisere seg. Det var likevel ein del utfordringar. Danmark hadde allereie ei lærebok (25), som forlaget da måtte prioritere bort. Den norske boka var stor og ville bli dyr å publisere. Forlaget var usikker på marknad og akademisk forankring. Det vart halde fleire møter der vi la opp strategi og forslag til korleis bearbeidingsa burde gjerast. Først om hausten 2010 vart det klart at Munksgaard turte å satse på den norske boka.

Eit stort arbeid vart lagt ned i Danmark før boka kom i 2014 (26). Bearbeidingsa til danske tilhøve med bl.a. omtale av dansk lovverk og organisering samt dansk talmatiale er gjort av seks fagkonsulentar, som representerer alle fire medisinske fakultet og Dansk Selskab for Almen Medicin. Boka vert marknadsført som «dannelsesbog for medicinstuderende» og i tillegg som uunnværleg for spesialistutdanninga i allmennmedisin. I *Ugeskrift for Læger* vart boka omtalt som «et fremragende disponeret værk til medicinske studenter og til de yngre læger i almen praksis» (27). Den har eit førsteopplag på 2100.


Boka kan også kjøpast som i-bok, som er ei digital utgåve av den trykte, supplert med digitale verktøy som oppgåver, søke- og noteringsfunksjon. I-boka kan lesast på pc, nettbrett og telefon. E-nøkkelen gir tilgang til i-boka i 48 månader.

Avslutning

Historia om læreboka i allmennmedisin er ei god historie. Eit felles nordisk rammeverk for allmennmedisinsk utdanning og fagforståing kan ha store ringverknader for felles forståing av faget og allmennlegerolla. Faget har ei studentlærebok som knapt har sitt sidestykke i noko anna medisinsk fagområde, sjølv om vi no er midt i ei digital utvikling der tradisjonell faglitteatur er utfordra. Studentlæreboka ser likevel ut til å fungere i tradisjonelt format enno ei tid, medan kliniske fagbøker truleg er ein trua art.

REFERANSAR

- Hunskår S. Faglitteratur for allmennpraksis. I: *Festskrift til Allmennlegeforseningens 75-årsjubileum 1938–2013*. Oslo: Allmennlegeforseningen, 2013, pp 118–32. (<http://legeforeningen.no/PageFiles/106023/Festskrift%20til%20Allmennlegeforseningens%2075-%C3%A5rs%20jubileum.pdf>).
- Fugelli P. Du skal skrive ditt fag. *Tidsskr Nor Lægeforen* 1984; 104: 1343–6.
- Fugelli P. Lærebøker i almenmedisin. *Tidsskr Nor Lægeforen* 1981; 101: 582–5.
- Haug K, Hunskår S. Å bygge et institutt. I: Bjørndal A, Nylenna M (red.). *Med makten i sitt ord*. Oslo: Unipub, 2003: 33–45.
- Tibblin G, Haglund G. *Allmän medicin*. Stockholm: Almqvist & Wiksell, 1989.
- Fugelli P. *Allmän medicin*. *Läkartidningen* 1990; 87: 972.
- Bentsen BG, Bruusgaard D, Evensen ÅR, Fugelli P, Aaraas I (red.). *Allmennmedisin*. Fag og praksis. Oslo: Gyldendal, 1991.
- Bentsen BG, Bruusgaard D, Evensen ÅR, Fugelli P, Aaraas I (red.). *Allmänmedicin – Teori och praktik*. Stockholm: Studentlitteratur, 1994.
- Bentzen N, Hollnagel H, Lauritzen T (red.). *Almen medicin*. Grundbog. København: FADLs forlag, 1997.
- Hunskår S (red.). *Allmennmedisin – Klinisk arbeid*. Oslo: Ad Notam Gyldendal, 1997.
- Bentzen N. Vægtig lærebok i klinisk almenmedisin. *Tidsskr Nor Lægeforen* 1998; 118: 99.
- Sigurdsson JA, Bengtsson C. New Scandinavian book on the clinical work of general practice. *Scand J Prim Health Care* 1998; 16: 7.
- Hernborg A. Tungt vägande norsk lärobok i allmennmedisin. *AllmänMedicin* 1999; 20: 71.
- Færø T. Glimrende norsk bok i allmennmedisin. *Æskulap* 1998; 78 (2): 10.
- Kirkengen AL. Ny vei for allmennmedisin? *Prosa* 1998; 4 (3): 20–5.
- Hunskår S (red.). *Allmennmedisin*. Oslo: Gyldendal Akademisk, 2003.
- Stensland P. *Allmennmedisinsk sikringskost*. Utposten 2004; 33(1): 40.
- Thune TH. Mannen bak bibelen. *Æskulap* 2004; 84 (3): 36–7.
- Sundar T. Bokskriveren i Bergen. *Tidsskr Nor Lægeforen* 2003; 123: 3250–1.
- Hunskår S (red.). *Allmennmedisin*. Oslo: Gyldendal Akademisk, 2013.
- Iversen JM. Allmennmedisin til jubel og glede. *Tidsskr Nor Legeforen* 2013; 133: 1626.
- Brænd A. Faglig tiårsdugnad: *Allmennmedisin*. Utposten 2013; 42 (4): 41.
- Hunskår S, Hovelius B. *Allmänmedicin*. Stockholm: Studentlitteratur, 2007.
- Licht EF. *Overlevnadshandboken*. *AllmänMedicin* 2007; 28 (3): 24–5.
- Christensen B, Østergaard I, Andersen JS, Witt K. *Almen medicin*. 2 utg. København: Munksgaard, 2007.
- Hunskår S, Bjerrum L, Ertmann RK, Jarbøl DE, Jensen MB, Kristensen JK, Maagaard R, red. *Almen Medicin*. København: Munksgaard, 2014.
- Sørensen MS. Boganmeldelse: *Almen medicin*. <http://ugeskriftet.dk/debat/boganmeldelse-almen-medicin>.



■ STEINAR.HUNSKÅR@UIB.NO